



Majo Eiendom AS
Lindåsvegen 154
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykker:
Vår: 19/1045 - 19/12259

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
12.04.2019

Svar på førespurnad om førehandskonferanse gbnr 185/269,270 Isdal

Viser til førespurnad om førehandskonferanse motteke 29.03.19

Kommunen har gjeve generell veiledning om desse eigedommane i ein anna førespurnad og vi oversender difor relevant informasjon som tidlegare er gitt. Vi ber om attendemelding på om du fortsatt ynskjer å ha førehandskonferanse eller om denne informasjonen er tilstrekkeleg i forhold til dei spørsmåla du hadde.


Vi ber om svar innan 26.04.19 dersom du fortsatt ynskjer at vi skal sette opp førehandskonferanse.

Eigedomane gbnr 185/268, 185/269 og 185/270 er ein del av reguleringsplan Isdal og Gjervik ytre fra 1965. Gjervik planen manglar byggegrense mot sjø og grad av utnytting. I følgje kommunedelplan for Knarvik Alversund (KDP) 2007-2019 side 6 tredje avsnitt, så vil KDP Knarvik –Alversund gå foran reguleringsplanen Isdal og Gjervik ytre.

Kartutsnitt frå KDP



Ortofoto 2015



Alle eigedomane det vert vist til er omfatta av gjeldande kommunedelplan Knarvik-Alversund(KDP). I § 2.3.13 i nemnde KDP ligg det følgjande regel:

2.3.13. Spesielt for området Isdalstø

Ei vidare utbygging av Isdalstø skal gjennomførast med utgangspunkt i det historiske knutepunktet. Den tradisjonelle bygningsskikken skal speglast gjennom struktur og form i dei nye bygningane og uteplassane. Det vert sett krav om reguleringsplan for tiltak kan gjennomførast i dette området. Plan- og bygningslova § 20-4, 2. ledd punkt a og b.

Utbygging i området krev at det vert utarbeida reguleringsplan. I ein reguleringsplan er veg, vatn og avløp viktige spørsmål som må avklarast.

Eigedomane(bnr. 268, 269 og 270) på nedsida av FV57 ligg i ei sone med byggerestriksjonar, strandsone mv. samt at det er 50 meter byggegrense langs FV57.

Bnr. 268 og 269 er avsett til LNF-spreidd bustad (lyse grøn farge), mens bnr. 270 er avsett til bustadføremål (gul farge).

Vi gjer merksam på at kommunedelplan Knarvik- Alversund er under rullering og at det på noverande tidspunkt er vanskeleg å seie kva som vert krava i den nye kommunedelplanen. Ny KDP for Knarvik- Alversund med Alverstraumen bør vere avklart, før ein set i gang ein reguleringsprosess på eigedomane.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt rådgjevar Per Sveinar Morsund.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Majo Eiendom AS

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ